

Kyrkjetenar, krematorie- og gravplassarbeidar

I Ullensvang kyrkjelege fellesråd har me 8 sokn og kyrkjer, 8 gravplassar, eit gravkapell og eit krematorium. I fellesrådet har me i tillegg til kontortilsette også kyrkjetenarar, kyrkjegardsarbeidar, organistar og kantorar, trusopplærarar og diakon. Me har også fleire prestar saman med oss i staben. Me søkjer no nye medarbeidarar til staben vår.

ME SØKJER:

- **KYRKJETENAR**
- **KYRKJETENARAR, KREMATORIE- OG GRAVPLASSARBEIDAR**

Me har ledige stillingar som kyrkjetenar (75 %) og kyrkjetenar, krematorie- og gravplassarbeidar (100%) ved kyrkjene i Tyssedal, Odda, Skare, Røldal, og ved Odda kapell og krematorium (Berjafloot gravplass).

Arbeidsoppgåver

- Planlegga og leggja til rette for gudstenester, andre kyrkjelege handlingar og andre arrangement i kapell og kyrkjer.
- Ha ansvar for tilsyn, drift, reinhald og lettare vedlikehald av kyrkjebygga, tilhøyrande bygningar og inventar og tekniske anlegg som høyre til desse.
- Føra tilsyn med gravplass og graver.
- Melda inn statistikk over kyrkjelege handlingar og andre tilstellingar i kyrkja, og føra gravprotokoll og kart over kyrkjegard.
- Ha ansvar for drift av krematorium og gravplassar (Vedlikehald og grasslått vert i stor grad utført av kommunen og andre entreprenørar)

Ynskjelege kvalifikasjonar:

- **For kyrkjetenar (75%):**
 - Kunnskap og erfaring med reinhald
 - Praktisk kunnskap om dagleg vedlikehald og drift av bygningar.
 - Gode kommunikasjonsevner skriftleg og munnleg.
 - Må vera komfortabel med bruk av digitale verktøy på telefon og PC
 - Førarkort klasse B, og må kunna disponera eigen bil
 - Krav om medlemsskap i Den norske kyrkja
- **For kyrkjetenar, krematorie- og gravplassarbeidar (100%):**
 - Praktisk kunnskap om reinhald, dagleg vedlikehald og drift av bygningar.
 - Gode kommunikasjonsevner skriftleg og munnleg.
 - Må vera komfortabel med bruk av digitale verktøy på telefon og PC
 - Førarkort klasse BE, og må kunna disponera eigen bil
 - Ha god maskinkunnskap og gjerne maskinførarbevis
 - Krav om medlemsskap i Den norske kyrkja

Personlege eigenskapar

- Sørvisinnstilt og gode samarbeidsevner.
- Kunna jobbe sjølvstendig, strukturert og målretta.
- Evna å møte menneske i ulike livssituasjonar på ein god måte.
- Interesse og engasjement for kyrkja sitt arbeid.

Me kan tilby

- Løn etter avtale i samsvar med Den norske kyrkja sitt avtaleverk.
- Gode forsikringsvilkår og pensjonsordning i KLP.
- Eit godt miljø og samarbeid med andre motiverte kyrkjelege tilsette.
- Stor påverknad på eigen arbeidskvardag

Anna

- Arbeidsstad for tida Tyssedal, Odda, Skare og Røldal sokn .
- Ein må ha førarkort og disponera eigen bil.
- Ein må rekna på noko kvelds- og helgearbeid.

Spørsmål om stillinga kan rettast til kyrkjevevje Oddbjørn Vestbøstad, mobil 92 33 29 05, e-post ov884@kyrkja.no.

Søknadsfrist 16. mars.